

STRATEGIPLAN FOR KYRKJA I VANG FOR PERIODEN 2023-2027

Kyrkja i Vang, består av fire sokn: Heensåsen, Høre, Vang og Øye.

**KYRKJA I VANG SKAL VERE EIT FELLESKAP FOR ALLE,
I DAGLEGLIV, HØGTID, SORG OG GLEDE.**

Dette tyder:

Kyrkja skal i ord og gjerning vitne om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus.

Kyrkja i Vang skal hjelpe og utfordre menneske i alle fasar av livet til å finne sin plass i Guds skaparverk og kjenne si tilhøyring til den treeinige Gud - Skaparen, Frelsaren og Livgjevaren.

Kyrkja i Vang skal vere ein synleg og positiv deltakar i lokalsamfunnet og vere med å vidareutvikle det gode samspelet mellom natur og kultur og tru som har prega sokna i fleire hundre år.

Kyrkja skal i Jesu namn fremme glede, livslyst, sanning og rettferd og vere ein møteplass for alle som ønsker det.

Vang kyrkjelege fellesråd har ansvar for drifta av kyrkja.

Dei skal:

- Halde kyrkjebygg og inventar ved like. Syte for nok gravplasser, føre register over døde, halde ved like kyrkjegardane og syte for gode rutinar for drifta.

Være ein god og ansvarleg arbeidsgjevar for dei tilsette.

Syte for nødvendige overføringer frå kommunen til løn, drift og vedlikehald, samt til aktiviteter i kyrkjene, spesielt for barn og unge.

Informere om kyrkja sine tenester mellom anna på www.kirken.no/vang, på 'Kyrkja i Vang' på Facebook, i Vang menighetsblad og i Avisa Valdres.

**Dei 4 sokneråda har felles gudstenesteforordning frå Biskopen,
sokneprest og fellesrådstilsette, trusopplæringsplan for alle mellom 0-18 år og
diakoniplan.**

På Heensåsen har soknerådet særskilt ansvar for

*Inkluderande nabolag – kyrkjekaffi før/etter alle messer, unntatt julafta.
Punkta er under ombygging*

I Høre har soknerådet særskilt ansvar for

Halde stavkyrkja i hevd som historisk bygning og kulturberar
Vi syng jula inn
Messe julaftan
Juletrefest for barn og familiar
Bingo som sosial arena for alle.
Stølsmesse om sommaren
Gjennomføre årsmøte kvart år

I Vang har soknerådet særskilt ansvar for

- 1.dags gudstenestene
- 17.mai gudsteneste
- Utarbeide rutiner for Open kyrkje
- Arrangere konserter i kyrkja
- Lys Vaken - felles trusopplæringstiltak
- Skulegudsteneste før jul og påske
- Stølsmesse om sommaren
- Gjennomføre årsmøte kvart år

I Øye har soknerådet særskilt ansvar for

Halde stavkyrkja i hevd som historisk bygning og kulturberar
Jonsokmesse i stavkyrkja
Bruke og ta vare på St Tomas kyrkja på Filefjell

- Tårnagentsamling - felles trusopplæringstiltak
- Samefolkets dag
- Utlegudsteneste i Børrelia Langfredag.
- Messe julaftan